

Mal for prosjektbeskriving ved søknad om opptak til ph.d.-studium i helse, funksjon og deltaking

FAKULTET FOR HELSE- OG SOSIALVITSKAP VED HØGSKULEN PÅ VESTLANDET

Versjon 01.06.2022

Formatkrav

- Prosjektbeskrivinga skal vere kortfatta og kan skrivast på norsk, svensk, dansk eller engelsk.
- Sidetalsavgrensing: *ti sider inkludert figurar/tabellar/referanseliste. Vedlegg kjem i tillegg.* Sideformatet skal vere A4.
- Framside med namnet på stipendiaten, prosjektittelen og namnet på rettleiarane kjem i tillegg.
- Skrifttype: tilsvarande Arial 11 pkt. eller Times New Roman 12 pkt., enkel linjeavstand og min. 2 cm margar. For referanseliste og ev. figurtekst kan skriftstorleik 9 nyttast.

Generelle tips:

- Prosjektbeskrivinga skal vurderast av programutvalet ved ph.d.-studiet i helse, funksjon og deltaking. Det er derfor viktig at forskingsprosjektet blir beskrive på ein oversiktleg og strukturert måte i prosjektbeskrivinga, som er svært sentral ved vurdering av opptak til ph.d.-studiet.
- Ver nøye med å overhalde formatkrava. *Merk: Søknaden vil bli avvist dersom prosjektbeskrivinga er for lang.*
- Følg generelle råd for godt språk, til dømes ved å unngå ikkje-standardiserte forkortingar og forklare spesialomgrep.
- Forankre prosjektet i ph.d.-profilen til studiet: helse, funksjon og deltaking.

Merk at alle hovudpunkta i prosjektbeskrivinga er obligatoriske, mens enkelte underpunkt berre er rettleiande og ikkje nødvendigvis relevante for alle prosjekt eller søknadstypar.

1. Tittel på prosjektet

Tittelen skal svare til innhaldet i prosjektet. Han skal bestå av maks. 150 teikn.

2. Hovudmål og samandrag

Her skal stipendiaten presentere hovudmåla for prosjektet og gjennom eit kort samandrag (maks. 300 ord) vise korleis ein tenkjer å nå dette målet. Samandraget skal kort oppsummere dei viktigaste punkta nedanfor og vere så presist som mogleg.

3. Innleiing og bakgrunn

Innleiinga skal gi ei kort beskriving av bakgrunnen for prosjektet og dei sentrale kunnskapsutfordringane innan fagfeltet. Stipendiaten må dokumentere gode kunnskapar om det aktuelle forskingsområdet, både nasjonalt og internasjonalt. Innleiinga skal grunngi relevansen til og nødvendigheita av prosjektet. Relevansen bør omfatte ei tilvising til ønska og behova til sluttbrukarane. Nødvendigheita av prosjektet kan stipendiaten med fordel dokumentere ved å peike på kunnskapshol på grunnlag av éi eller fleire systematiske kunnskapsoppsummeringar innanfor det valde spørsmålet, dersom det finst slike.

Gi ei beskriving av

- bakgrunnen for prosjektet
- kunnskapsstatusen på fagfeltet
- dei største kunnskapsutfordringane på fagfeltet, både nasjonalt og internasjonalt
- forskingsprosjektet si betydning for fagfeltet og/eller originalitet

3.1. Overordna hensikt

I prosjektbeskrivinga skal stipendiaten gi ei kort framstilling av den moglege betydninga eller nytteverdien prosjektet har på person-, gruppe- eller samfunnsnivå i samsvar med noverande og/eller framtidige vitskapelege utfordringar, og korleis prosjektet kan bidra til å auke den eksisterande kunnskapen og danne grunnlag for vidare forskning.

4. Problemstillingar og mål

Problemstillingar, forskingsspørsmål og hypotesar for prosjektet må vere tydelege og knytte til hovud- og delmål. Måla bør vere klart definerte, konkrete og etterprøvbare/transparente.

Gi ei beskriving av

- problemstillingar og/eller hypotesar
- kortsiktige og langsiktige mål
- kva resultat som er forventa oppnådd i løpet av prosjektperioden
- den forventa betydninga for kunnskapsfeltet

Det skal komme klart fram kva som er stipendiaten sine oppgåver i prosjektet.

5. Metode og gjennomføring

Det må gå klart fram på kva måte dei teoretiske og metodologiske tilnærmingane er velegna for å utforske problemstillinga. Alternativt kan søkjaren beskrive korleis prosjektet kan utvikle passande metodar og/eller teori undervegs i forskingsprosjektet.



5.1 Studiedesign, metodeval og analysar

Stipendiaten skal gjere greie for kva for nokre vitenskaplege metodar som er valde. Metodevala skal grunnjevast, og det skal komme fram korleis dei er eigna til å svare på problemstillingane og/eller hypotesane.

Alternativt kan stipendiaten gi ei beskriving av korleis forskingsmetodane kan utviklast gjennom prosjektperioden. Analysemetodane må beskrivast.

Gi ei beskriving av

- forskingsdesign
- val av metodar
- utval, nødvendig utstyr og personell
- datainnsamling og analyse
- statistisk styrke for å svare på problemstillinga der dette er relevant

5.2 Organisering og samarbeid

- 5.2.1 Prosjektbeskrivinga skal innehalde ei oversikt over organiseringa og samarbeidskonstellasjonane i prosjektet.
- 5.2.2 Eventuelle planar for opphald ved ein annan forskingsinstitusjon eller ei anna verksemd blir kort beskrivne.
- 5.2.3 Beskriv prosjektet si organisering og eventuelle plassering i ei forskargruppe.
- 5.2.4 Beskriv kompetansen, infrastrukturen og ressursane i forskingsmiljøet elles som har betydning for gjennomføringa av prosjektet.
- 5.2.5 Beskriv omfanget av eksternt, regionalt, nasjonalt eller internasjonalt samarbeid i prosjektet. Alle aktive samarbeidspartnarar i prosjektet skal førast opp i skjemaet for søknad om opptak til ph.d.-utdanning (punkt 10).

5.3 Brukarmedverknad

Prosjektbeskrivinga må beskrive kven som er interessentar, eller kven forskinga vedkjem. Stipendiaten skal gjere greie for korleis dei personane som prosjektet direkte eller indirekte vedkjem, blir involverte i forskingsprosjektet – frå design til sluttrapportering.

Brukarmedverknad i forskning skal gi meirverdi for forskinga.

- Gjer greie for korleis dei som prosjektet vedkjem, eller dei som er interessentar, er involverte i prosjektet.
- Dersom brukarmedverknad ikkje er relevant for prosjektet, skal dette grunnjevast.

5.4 Plan for framdrift og publisering

Stipendiaten må leggje fram ein framdriftsplan for dei ulike delane av forskingsarbeidet. Det må gjerast tydeleg at stipendiaten kan fullføre prosjektet innan den normerte tidsramma og den gitte finansieringsramma. Den vanlege tidsramma er 3 år, eller 4 år med 25 % pliktarbeid. Det er ikkje høve til å planleggje ei gjennomføring av ph.d.-utdanninga med ein progresjon som gir eit lengre studieløp enn 6 år.

Gjennomføringsevne er eit uttrykk for i kva grad det er sannsynleg at prosjektet blir gjennomført på den beskrivne måten innan prosjektperioden.

Stipendiaten må skissere ein plan for gjennomføring av opplæringsdelen, og dessutan ein plan for formidling. Planen for opplæringsdelen i stipendiatperioden skal førast opp i søknadsskjemaet (punkt 6). Prosjektbeskrivinga skal innehalde ei meir utdjupande beskriving av tidsplanen og milepålar for gjennomføringa av prosjektet, inklusiv ein plan for formidling og publisering.

- Stipendiaten må skissere ein plan for gjennomføring av opplæringsdelen og dessutan opplæring i fagleg formidling og generell kompetanse.
- Prosjektet skal ha ein plan for formidling og spreieing av resultata som sikrar kunnskapsdeling og implementering hos relevante målgrupper.
- Planen for publisering og artiklar som skal inngå i graden, skal beskrivast kort i skjemaet (punkt 9) og i prosjektbeskrivinga.

5.5 Risikovurdering og HMS-omsyn

Gjer greie for den moglege risikoen for måloppnåing og forseinka eller hindra gjennomføring av studien i forhold til den oppsette planen, til dømes knytt til løyve, samarbeid og datatilgang eller dataanalyse. Skisser moglege alternative løysingar, slik at prosjektet kan blir gjennomført innanfor den oppsette tidsramma.

Gjer greie for den eventuelle risikoen for (skade eller annan) ulempe for deltakarar, forskarar eller omgivnader knytt til datainnsamling og forskingsformidling. Vurder behovet for beredskap, og lag ein konkret plan for handtering av potensiell risiko.

5.6 Anna (om relevant)

- Beskriv korleis ny kunnskap kan takast i bruk i tenesteorganisering eller -utøving
- Legg fram planen for implementering av resultata frå forskingsprosjektet
- Legg fram planen for formidling (konferansar, kronikk, Forskingsdagane osb.)
- Beskriv nyvinnings- og innovasjonspotensialet til prosjektet
- Opplyse om eventuelle immaterialrettslege restriksjonar for å beskytte andre sine rettar.
- Legg fram dokumentasjon av spesielle behov for faglege og materielle ressursar.
- Gjer greie for økonomiske vilkår for gjennomføring: t.d. budsjett for nødvendig utstyr, reiser, lønn til eventuell medhjelpar, godtgjersle til deltakarar eller anna, språkvask, publiseringavgifter e.l. Gjer greie for korleis dette kan finansierast (driftsmidlar, andre midlar eller egne midlar).

6. Etikk

Gjer greie for eventuelle etiske problemstillingar i forskingsprosjektet og korleis dei blir handterte i forskingsarbeidet. Dersom prosjektet treng REK-godkjenning og/eller NSD-godkjenningar, skal stipendiaten gjere greie for om dette er innhenta, eller kva tid det blir søkt om godkjenning. Legg ved godkjenningar som allereie ligg føre.

- Etiske betraktningar om forskingsprosjektet må presenterast.

6.1. Datahandteringsplan

Gjer greie for kva type data prosjektet produserer, alternativt kva som utgjer det empiriske grunnlaget, kva plikter det eventuelt utløyser, og korleis dataa skal sikrast, blir lagra og blir handterte undervegs og framover.

6.2 Berekraft

Gjer greie for berekrafta i prosjektet i samsvar med relevante berekraftsmål. Sjå [Berekraft – Høgskulen på Vestlandet \(hvl.no\)](#).

7. Referansar

Referansane skal vise til litteratur som underbyggjer det faglege innhaldet i prosjektet.

Relevante lenkjer ved opptak til ph.d.-utdanning

[Regelverk og skjema for ph.d.-studium ved HVL – Høgskulen på Vestlandet](#)

[Ph.d.-handboka – Høgskulen på Vestlandet \(hvl.no\)](#)

[Ph.d. i helse, funksjon og deltaking - Høgskulen på Vestlandet \(hvl.no\)](#)